


Lom kommune | Kommuneplanens arealdel  
**KONSEKVENSGREIING - hyttefelt ved Nordsætrin**



# Konsekvensutgreiing – innhald:

Innhald:	side
<b>1</b> Kort om metoden_____	3
<b>2</b> Tema i konsekvensutgreiinga _____	4
2.1 Miljø_____	4
2.2 Samfunn _____	4
<b>3</b> Oversikt over områda som inngår i konsekvensutgreiinga _	5
<b>4</b> Utgreiing av enkeltområde _____	6
4.1 Delområde 1 _____	6
4.2 Delområde 2 _____	8
4.3 Delområde 3 _____	10
4.4 Delområde A _____	12
4.1 Delområde B _____	14
<b>5</b> Samla konsekvens for utbyggingsområda. _____	16
<b>6</b> Vedlegg	
6.1 Befaringsrapport Oppland fylkeskommune, kulturarveininga - desember 2017	
6.2 Kartanalyse samla for alle delområde	

# Tema som er vurdert:

## Miljø:

- Naturverdi, biologisk mangfald
- Jordbruk og beiteinteresser
- Skogbruk
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Forureining, støy
- Nærmiljø og friluftsliv


## Samfunn:

- Næringsliv og busetting
- Samfunnstryggleik
- Teknisk infrastruktur
- Transportbehov


# Metode (eksempel)

TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTAR, USIKKERHEIT
Landskap	*	--	Landskapet på Nordsetrene er satt saman av dei ulike elementa i landskapsrommet rundt Tesse med seterbebyggelse, enkelte hytter/turisthytter, dyrka areal, ope beitelandskap i fjellet, myr, åsar kledd med fjellfuruskog og høgfjell i bakgrunnen. Korleis opplevinga av landskapet vert påverka av hyttefeltet vil vere avhengig av korleis hyttene blir plassert i terrenget og kor mykje av skogen som vert hogd.
Kulturminne, kulturmiljø	0	0	Ingen registrerte kulturminne jf. synfaring rapport frå Oppland Fylkeskommune. Området er generelt lite kulturpåverka.
Forureining, støy	*	-	Ingen registreringar av forureining. Vegen til Nordseter går rett nedanfor området men ingen registrering av eventuell trafikkstøy er gjennomført. Ved regulering til hyttefelt vil trafikk- og støymengda auke proporsjonalt med tal hytter, men vil likevel utgjere berre ein mindre del av total trafikkbelastning.
Nærmiljø og friluftsliv	*	0	Nærområdet ved Tesse og Nordsetrene er viktig som utfarts- og turområde, men delområde 1 er i svært liten grad nytta til friluftsliv. Det er ingen registrerte turstiar.
Næringsliv og busetting	***	+++	Tiltaket kan gi klare positive ringverknadar for nærliggande servering-, aktivitet- og handelstilbod. Fritidsbustadar kan bidra til å auke overnattingskapasiteten i området, i tillegg til ei meir robust heilårsdrift for nærliggande næringsliv.
Samfunnstryggleik	***	++	Det er ingen kjent skred- eller flomfare, heller ingen registreringar i NVE-atlas. Tilfredstillande framkommelegheit for brann og ambulanse føreset at det vert bygd ut heilårsveg til/ i hyttefeltet.

**Eit positivt moment ved hytteutbygging i området er at det ligg fleire viktige reiselivsverksemder her frå før, og at området er prega av tidlegare etablert aktivitet**




# Utgreiinga er inndelt i 5 delområde:



# Spesielle utfordringer

- Kulturminneundersøking utført av Oppland fylkeskommune 2017 - 4 kolgroper i område 3:



## Jordbruk og beiteinteresser:

- Generelt lite spor av beitedyr og beiting, og vegetasjonen har låg beiteverdi. Alt areal er registrert som «dyrkbart», men er grunnlendt og utsatt for uttørking, dette gjer dyrking og drift av dyrka areal både kostnadskrevjande og arbeidsintensivt.
- Delområde 3 ser ut til å vere noko meir brukt av beitedyr, vegetasjon med litt høgare beiteverdi.
- Delområde A ligg like inntil dyrka mark, oppdyrking derfor meir aktuelt. Større risiko for interessekonflikter mellom fritidsbustader og drift av dyrka areal.



**Konklusjon:** Hytteutbygging blir tilrådd i delområde 1, 2 og B – men ikkje i omr. 3 og A.

Krav om rekkefølgjeføresegner for utbygging blir tilrådd.

